

ÅRSMELDING

2002



Tilsette 2002



Einar Lund
Dagleg leiar



Ketil Valde
Nestleiar



Lise Grøva
Fagkonsulent



Liv Birkeland
Fagkonsulent



Øystein Brekkum
Fagkonsulent

Og:
Joar Ulseth IT- ansvarleg

Reinhold:
Petra Rimstad (vikar),
Berit Balstad (til oktober),
Mariannne Elgsaas
(permisjon)
Ekstrahjelp: **Solvår Sæter**,
Trine Funderud,
Inger Rørdam McKinnon,
Yousef El-Turkey,
Camilla Silset,
Tove Torjul



Aksel Kjetil Døving
Forskar



Anita Marlene Land
Informasjonskonsulent



Anne-Kristin Løes
Stipendiat



Britt Ingeborg Foseide Henriksen
Forskar



Else-Dorthea Koksvik
Økonomisekretær



Espen Govasmark
Stipendiat



Grete Lene Serikstad
Fagkonsulent



Kirsty McKinnon
Fagkonsulent



Peggy Haugnes
Forsøkssteknikar



Liv Solemdal
Fagkonsulent



Martha Oliva Ebbesvik
Fagkonsulent



Matheus Adriaan Ruissen
Forskar



Matthias Koesling
Forskar



Morten Rørdam
Vaktmeister



Randi Berland
Forskar



Reidun Pommeresche
Forskar



Sissel Hansen
Forskar



Solveig Haglund
Forskar



Therese Birkeland Fossøy
Forskar



Tora Solem Meisingset
Kontorfullmechtig



Turid Strøm
Forskar



Øystein Sogn
Forskar



Liv Lund
Kontorvikar



Ghennet Beyene Ghebremeskei
Ansvarleg reinhold

”Ein ny politikk for ei ny tid”

Økologisk landbruk - eit alternativ

FoU og utdanning innan landbruk er under sterkt press fordi dei tradisjonelle næringane får mindre å seie og redusert politisk merksemd. Produkta blir òg utsett for aukande internasjonal konkurranse. Samtidig aukar samfunnets interesse for å sikre kulturlandskapet på landsbygda, og dessutan blir alternativ bruk av areala viktig. Derfor blir landbrukets *multifunksjonalitet* eit sentralt omgrep.

Den offentlege delen i finansiering av forskning går ned, men styresmaktene vil ha aukande behov for forskingsbasert kunnskap. Denne kunnskapen er grunnlag for internasjonale forhandlingar og regelverk, ikkje minst innan matvaretryggleik og dyrevelferd. Etterspørselen etter FoU dreier i stor grad *frå* forskning for eigarar og utøvarar i næringa *til* forskning om samfunnsvilkår, samfunnsnester og verdikjedeperspektiv. Dette gjer at naturvitskap, teknologi og samfunnsvitskap blir kopla tettare saman for å handtere sentrale samfunns- og sektorspørsmål. Samarbeidet mellom forskning, utdanning, rådgjeving og praksis blir tettare.

Landbruket i Norge vil òg bli påverka av omlegginga i landbrukspolitikken til EU. Ifølgje landbrukskommissær Franz Fishler ønskjer EU-kommisjonen at mindre av støtta blir brukt til å stimulere produksjonen og skjerme eigen produksjon. Kommisjonen vil vri støtta over til økologiske produkt, miljø, kultur og naturvern. Det er ei støtte for å ta vare på levedyktige bygdemiljø. Ei slik endring vil òg kunne medverke til at økologisk landbruk blir eit viktig element når det gjeld forhandlingsposisjonar i den kommande WTO-runden.

Den auka satsinga på økologisk landbruk blir stadfest av at EU-kommisjonen i desember la fram eit arbeidsdokument om utsiktene for ein europeisk handlingsplan for økologisk mat og landbruk.

Stortinget har vedtatt ei målsetting om at 10 % av landbruksarealet i Norge skal vera økologisk innan 2010. Kvart år blir det løyvd mykje pengar til utvikling av økologisk landbruk, i form av tilskot og utviklingsmiddel samt til marknadsstrategiar, og noko til forskning. Det er relativt små einingar innan forskning på økologisk landbruk her i landet. NORSØK er den einaste FoU-institusjonen som *berre* har som mål å utvikle økologisk landbruk.

Med utgangpunkt i ei slik utvikling har Stortinget tilrådd at NORSØK, Planteforsk og Jordforsk går saman i ein organisasjon, da ein fusjonert organisasjon vil få vesentleg breiare kompetanse innan økologisk forskning, og betre kan fylle behovet for kompetanse og ny kunnskap i heile verdikjeda. Ein samordna organisasjon må ha som mål å markere seg sterkare innan nasjonal og internasjonal forskning, og samtidig bidra til at forskingsresultat kjem produsenten tilgode. Det vil òg bli viktig med sterkare satsing på næringsutvikling og innovasjon i denne samanhengen.

I St.prp. nr 1 for 2001 – 2002 står mellom anna dette om samordninga :

” Det må leggjast vekt på at forskings- og kompetansesenterfunksjonen innan økologisk landbruk skal framstå einsarta med ansvar for å sikre utøvarane i næringa tilstrekkeleg omleggingskompetanse. Senteret på Tingvoll vil ha ein sentral plass i arbeidet.”

Det er med dette som bakgrunn at styret i NORSØK har sagt ja til at det blir etablert eit aksjeselskap for å samordne dei tre FoU-institusjonane NORSØK, Planteforsk og Jordforsk til ein organisasjon.

Det er god grunn til å tru at NORSØK i ein slik samanheng vil få betre høve til å møte dei utfordringane vi står overfor når det gjeld utvikling av økologisk landbruk. NORSØK har dyktige og kompetente medarbeidarar, som står klar til å ta fatt på denne oppgåva saman med andre medarbeidarar i den nye organisasjonen. Da må Norges forskningsråd legge forholde til rette gjennom eit eige verdikjede-program innan økologisk landbruk. Det må til for å møte dei endringane som kjem både innan EU og gjennom WTO, og som i sterk grad vil påverke norsk landbruk i framtida.

Tingvoll, 12.03.03

Einar Lund



Einar Lund,
Dagleg leiar



Innhold

TILSETTE 2002	2
FORORD	3
DEKK JORDA MED PLANTEHAKK!	4
TEMAARK	5
DYREHELSE OG DYREVELFERD I ØKOLOGISK LANDBRUK	6
PROSJEKT OG PROGRAM	7
PUBLIKASJONAR OG ARTIKLAR	13
MELDING FRÅ STYRET	20
REKNESKAP	21
RESEARCH AND DEVELOPMENT PROJECTS	22
INFORMATION IN ENGLISH	23

Dekk jorda med plantehakk!

Plantevern og gjødsling i eitt

Å dekkje jorda med planterestar – gjerne ugras ein har luka vekk, og gras etter plenklipping – har lenge vore vanleg i småhagar. Nye resultat syner at dette òg er aktuelt når ein produserer økologiske grønnsaker i større omfang, særleg på gardar med dårleg tilgang på husdyrgjødsel.

Av Anne-Kristin Løes (NORSØK) og Hugh Riley (Planteforsk)

I programmet «Næringstilgang i økologiske dyrkingssystem med lite husdyrgjødsel» (1998–2002) prøvde vi jorddekke i større skala. Som jorddekke brukte vi gras frå kløverrik eng (raudkløver og timotei). Dette vart kutta med fôrhaustar. Hundegras synte seg òg å vere godt eigna som jorddekke. Utviklingsstadiet til plantene som vert hakka opp, har mykje å seie for kor raskt jorddekket blir brote ned, og dermed også for kor verknadsfull ei enkelt tilføring av jorddekke er mot ugras. Jorddekke fungerer godt mot frøugras, men er lite effektivt mot etablert rotugras.

I forsøka på Kise auka avlinga av både kvitkål og raudbeter, men det var naudsynt med store mengder plantehakk. Om lag 1,2 tonn tørrstoff per dekar måtte til for å få sikker avlingsauke. I gjennomsnitt for fire år auka avlingane da med omlag 30% prosent ved ei påføring og 40% ved to påføringar. Skal ein leggje på så mykje plantemateriale tidleg i sesongen, treng ein om lag tre gonger så stort areal med eng som med grønnsaker. Det er òg mogleg å skaffe seg plantehakk frå areal som ikkje kan fulldyrkast, til dømes tidlegare beiteområde. For bønder som ikkje har husdyr, kan det vere eit godt alternativ at dei ikkje driv all jorda like intensivt kvart år. Den best eigna jorda kan då brukast til grønnsaker, medan ein nyttar anna areal til produksjon av plantehakk.

Med jorddekke tilfører ein organisk materiale til grønnsakjorda. Dersom plantehakket inneheld belgvekstar, dreg ein også nytte av biologisk nitrogenfiksering. Men det er ikkje berre nitrogen som følgjer med plantehakket. Innhaldet av næringsstoffa nitrogen og kalium i plantehakk (som tørrstoff) av ei ung gras- og raudkløvereng kan samanliknast med næringsinnhaldet i fast storfejødsel. Med over eitt tonn tørrstoff av plantehakk per dekar blir det tilført mykje meir av både fosfor og kalium enn det grønnsakene treng. Granskingar har synt at desse næringsstoffa bind seg i jorda, og jorddekket hadde god etterverknad på bygg som vart dyrka året etter grønnsakene.

Nitrogen går lett tapt både til luft og til vatn. Når ein legg plantehakket på i eit kompakt lag, går det gjerne varme i det, og mykje nitrogen forsvinn som ammoniakkgass. Kjem det regn på jorddekket, blir nitrogenet vaska ut. Ved mykje regn blir jorda våt, og det kan føre til denitrifikasjon, slik at ulike nitrogenoksid forsvinn til lufta.

Lettløseleg nitrogen blir også lett vaska djupt ned i jorda eller ut i grøftevatnet før plantene rekk å ta det opp. Planteforsk og NORSØK satsar på å få midlar til nye prosjekt som skal prøve ut tiltak for å redusere nitrogen-tap frå jorddekke.

Temaark

Kven er ikkje lei av tjukke bøker og omstendelige forklaringar? Slik vert det gjerne når fagfolk kryp ut av sine støvete kontor og skal formidle kunnskap. I storskalaprojektet for korn merka ein behovet for målretta og konsist fagstoff. Resultatet vart konseptet for temaark.

Dette var og ein av prøvesteinane for Kurshagen, NORSØK si satsing på formidling av kunnskap. Med temaarka har me tatt omsyn til både grundig og fagleg sterkt innhald og at val av format og utsjånad skal treffe målgruppa. Temaarka er også fleksible, slik at me ganske lett kan formidle ny og oppdatert kunnskap.

Ligg på nettet

I samarbeid med GAN Forlag vert dei ulike temaarka trykt opp og distribuert frå NORSØK. Ein kan og finne dei på heimesidene våre og laste dei ned der. På denne

måten kan ein raskt få ut god informasjon i eit tiltalende format. Temaarka er til dømes aktuelle for skuleklasser, på marknader, i ymse kurs og andre faglege samanhengar i landbruket. Ringleiarar vil ha særleg glede av temaarka som verktøy i sitt rettleiingsarbeid.

Fleire tema

Til no har med arbeid mest med temaet korn. I 2002 hadde me fem temaark klare. Dei tar for seg jord og ulike emne knytt til næringsforsyning i korndyrkinga. Desse fyrste temaarka har vorte utvikla i samarbeid med ØKOKORN Oslo og Akershus, Forsøksringane i Akershus, Buskerud forsøksring og Norges Vel. Framover kjem det fleire temaark om korn. Innanfor andre kulturar vil me og formidle kunnskap som er prega av fagleg tyngde, relevant og oppdatert informasjon.



Dyrehelse og dyrevelferd i økologisk landbruk

«I økologisk landbruk tilstrebes et husdyrhold med høye etiske normer. Hensynet til dyrenes egenart og dyrenes mulighet for utfoldelse i samsvar med deres natur, er avgjørende». (Debio 2001)

Av Britt Ingeborg Foseide Henriksen

NORSØK har engasjert seg i temaet dyrevelferd gjennom mellom anna to «Strategisk instituttprogram» (SIP). Det eine har tittelen «Mineralinnhald i planter og mineralforsyning til drøvtyggjarar i økologisk landbruk». Målet er å undersøkje og vurdere mineraltilførselen til drøvtyggjarar i økologiske driftssystem, og å utvikle metodar for å optimere mineraltilførselen. Prosjektperioden er frå 2000 til 2004. Det andre programmet har tittelen «Alternativ veterinærmedisin og biologisk plantevern», med delprosjektet «Dyrehelse i økologisk landbruk». Dette inneheld fire hovudengasjement og blir avslutta i 2003.

Europeisk nettverk

NORSØK har delteke i det europeiske nettverket «Network for Animal Health and Welfare in Organic Agriculture», NAHWOA. Det er gjeve ut fire samlerapportar frå arbeidseminara som har teke for seg ulike tema innanfor dyrehelse og dyrevelferd (meir om dette på Internett: www.veeru.reading.ac.uk/organic/). I tillegg blir det i 2003 gjeve ut ei bok om dyrehelse og dyrevelferd i økologisk landbruk. Boka tek for seg etikk, mål og utfordringar.

Førebygging av mjølkefeber

Det er færre tilfelle av mjølkefeber hos kyr på økologisk drivne bruk i Noreg enn det er i konvensjonell mjølkeproduksjon. Ein kan forvente at mineralsamsetninga i økologisk dyrka fôr er annleis enn i fôr som er gjødsla med kunstgjødsl. Mineralinnhaldet i fôret på åtte økologiske bruk og åtte konvensjonelle kontrollgardar vart undersøkt for å sjå om mindre førekomst av mjølkefeber har nokon samanheng med kation-anion-balansen (KAB) i fôret. Undersøkinga avdekte at KAB-verdiane var positive både i økologisk og konvensjonelt fôr. Ut frå dette ser det altså ikkje ut til at KAB-verdien i økologisk fôr kan forklare at det er færre tilfelle av mjølkefeber blant økologiske mjølkekyr. Ikkje uventa var det meir kalsium og magnesium i det økologiske fôret, men det var ingen forskjell på dei to driftsmåtane når det galdt innhaldet av kalium, natrium, klor, fosfor, mangan, kopar og sink. Resultata frå analysane tyder på at mineralsamsetninga både i konvensjonelt og økologisk dyrka grovfôr er heller ugunstig når det gjeld risikoen for at kyrne skal få mjølkefeber.

Alternativ veterinærmedisin

For å få større kjennskap til bruken av alternativ vet-

erinærmedisin hos økologiske produsentar sende NORSØK ut eit spørjeskjema til alle som driv med økologisk kjøt- og mjølkeproduksjon. Undersøkinga viste at det var stor interesse for homøopati og urtemedisin, men noko mindre interesse for akupunktur. Forholdsvis mange gardbrukarar brukte eller hadde brukt homøopati, og ein stor del kunne tenkje seg å ta i bruk både homøopati og urtemedisin dersom dei fekk opplæring. Akupunktur var det derimot få som ville ta i bruk. Spørjeundersøkinga avdekte at gardbrukarane hadde gjennomgåande liten kontakt med veterinærar når dei brukte dei alternative behandlingsmetodane. Dette er urovekkjande sidan behandling av sjuke dyr krev at ein har god kjennskap til både sjukdom og dyr.

Effekten av homøopati

Den store interessa for å bruke alternativ veterinærmedisin og signala frå økologisk regelverk viser at det er viktig å få større kunnskap om og dokumentasjon på verknadene av dei alternative behandlingsformene. Norges Veterinærhøgskole har i tilknytning til NORSØK sitt prosjekt snart sluttført eit doktorgradsstudium der ein har sett på kva effekt homøopatisk behandling har på infeksjonssjukdommar hos produksjonsdyr.

Vidare arbeid ved NORSØK

God dyrevelferd vil seie at helsa til dyra er god. Derfor er det viktig å fokusere på å betre dyrehelsa når ein utviklar økologisk landbruk. NORSØK deltek i det nyoppretta europeiske nettverket «Sustaining Animal Health and Food Safety in Organic Farming (SAFO)». I økologisk husdyrproduksjon bør god dyrevelferd vere sentral. Gardbrukarar som legg om til økologisk drift, må få kunnskap om driftsforma og dei reglane som gjeld for slik drift. I tillegg må veterinærar og andre rådgjevarar ha god kunnskap om økologisk produksjon. NORSØK har utvikla kurs om økologisk landbruk for både produsentar, veterinærar og andre rådgjevarar. Det blir også arbeidd med å utvikle kurs over Internett der deltakarane får fagleg kunnskap gjennom sjølvstudium, arbeidsoppgåver og fagsamlingar. NORSØK arbeider vidare med temaet dyrevelferd og dyrehelse, både innanfor Folkeuniversitetet og gjennom anna kursverksemd og formidling.



Prosjekt og program



Strategisk instituttprogram:

Mineralinnhald i planter og mineralforsyning til drøvtyggjarar i økologisk landbruk

Målet for programmet er å undersøkje og vurdere mineraltilførselen til drøvtyggjarar i økologiske driftssystem og utvikle metodar for å optimere mineraltilførselen.

Den toårige feltundersøkinga av mineralinnhaldet i eng frå 14 økologiske gardar med sauehald og 14 økologiske gardar med kyr vart ført vidare i 2002. Hovuddelen av dei planlagde jordkjemiske og jordfysiske parametrane er ferdig analyserte. Blodprøver frå kyr og sau på dei 28 gardane vart analyserte for E-vitamin, Co, Se og Cu våren 2002.

Førebels viser resultat at:

- innhaldet av P, K, S, Ca, Mg, Cu, Zn, Co, Mo og Se i engprøvene var lågare enn venta
- fleire av engprøvene inneheldt mindre mengder av fleire av minerala enn det som internasjonale normer tilrår for til drøvtyggjarar
- blodprøver viste at besetningane hadde normalt Cu-nivå, mens knapt halvparten hadde for lågt eller marginalt Se- og E-vitaminnivå i blodet

Medarbeidarane i forskingsprogrammet har presentert resultat på markdagar, internasjonale konferansar, i diskusjonar med forindustrien om samansetninga av mineralblandingar til drøvtyggjarar i økologiske driftsopplegg, og i diskusjonar med ulike forskingsinstitusjonar.

I programmet samarbeider NORSØK med Veterinærinstituttet, Norges Veterinærhøgskole, Norges Landbrukshøgskole og Planteforsk.

Oppdragsgjevar: **Norges forskningsråd 2000–2004**

Prosjektleiurar: **Sissel Hansen og Turid Strøm**

Strategisk instituttprogram:

Plantevern i økologisk landbruk

Delprosjekt 1:

Teori- og metodeutvikling for plantevern i økologisk landbruk

Dette delprosjektet vart avslutta i 2002. Målet med prosjektet var å vurdere teorien og metoden for plantevern i økologisk landbruk meir grunnleggjande. Arbeidet har gjeve oss innsikt i korleis plantevernet i økologisk landbruk fungerer, og korleis det skal kunne fungere ut frå reglane for økologisk landbruk.

Prosjektet har sett nærare på om det er mogleg å utvikle alternative plantevernmiddel. Konklusjonen er blant anna at det er mogleg, men ikkje i særleg stor grad. Det avgrensa potensialet for suksess på området tilseier at ein framleis må prioritere å førebyggje plantehelseproblem. Løysinga ligg dermed ikkje i å finne alternative plantevernmiddel, men å velje riktig opplegg for driftssystemet, slik at ein så godt som råd førebyggjer plantevernproblem.

Oppdragsgjevar: **Norges forskningsråd**

Prosjektleiurar: **Theo Ruissen**

Delprosjekt 2:

Heilskaplege metodar for å redusere skadeverknader av tørrøte på potet

Målet for prosjektet var å finne metodar for å redusere skadeverknadene av tørrøte på økologisk potet. Prosjektet vart avslutta i 2002. Ein har sett på tørrøteproblematikken frå fleire hald, og det har særleg vore fokusert på næringsforsyning, val av potetsort, agronomiske tiltak som radavstand i tillegg til kva tidspunktet for å drepe potetriset har å seie for avlingane. Ein har også vurdert risikoen for tørrøte i dei ulike regionane i landet, og ein del alternative middel mot tørrøte har vore prøvde ut. Dette har gjeve NORSØK stor fagkunnskap på området, særleg innanfor økologisk landbruk. Vi kan ikkje seie at vi har ei løysing mot tørrøte under alle dyrkingsforhold, men vi veit kvar skoen trykkjer. Konklusjonen er at ein ikkje blir kvitt tørrøte med enkelttiltak. Snarare er kombinasjonen av føresetnadene på garden og dei vala som bonden gjer, avgjerande for om ein lykkast.

Oppdragsgjevar: **Norges forskningsråd**

Prosjektleiurar: **Theo Ruissen**

Prosjektmedarbeidar: **Therese B. Fossøy**

Strategisk instituttprogram:

Dyrehelse i økologisk landbruk

Delprosjekt 2:

Sjukdomsførebyggjande tiltak og alternative behandlingsformer innanfor husdyrbruk

Gjennom dette prosjektet ønskjer NORSØK å byggje opp kompetanse på dyrehelse og dyrevelferd i økologisk landbruk, med særleg vekt på sjukdomsførebyggjande tiltak. Eitt av måla med prosjektet er å teste om kation–anion-balansen (KAB) i økologisk dyrka grovfôr er lågare enn i før dyrka med bruk av kunstgjødsel, og om det kan vere årsaka til den låge førekostenen av mjølkefeber i økologisk landbruk. Eit anna viktig mål er å kartleggje bruken av alternativ veterinærmedisin for å sjå kor utbreidd denne behandlingstypen er. I 2002 vart resultatata frå registreringane samla og analyserte. Ut frå analyseresultatata ser det ikkje ut til at KAB-verdien i økologisk dyrka fôr har nokon samheng med at det er mindre mjølkefeber i økologiske mjølkebesetningar. Resultata frå spørjeundersøkinga om alternativ veterinærmedisin viste at det var stor interesse for å bruke homøopati og urtemedisin til husdyra, og at det var ein del som brukte homøopati.

Oppdragsgjevar: **Norges forskningsråd**

Prosjektleiurar: **Britt I. Foseide Henriksen**

Strategisk instituttprogram:

Næringsforsyning i økologiske dyrkingsystem med lite husdyrgjødsel

Programmet vart avslutta i 2002 med eit godt besøkt seminar. Hovudprosjektet til NORSØK, «Fosfor og kalium i økologisk landbruk», har auka kunnskapen om plantetilgjengeleg fosfor og kalium i jord og ulike eigenskapar som er knytte til næringsopptak i norske sortar av bygg og vårkveite. Mykje av arbeidet er ein del av doktorgradsavhandlinga til A-K. Løes.

Økologisk mjølkeproduksjon tek lite næringsstoff frå jorda i høve til planteproduksjon, men næringsinnhaldet i jorda går likevel ned, særleg når gardsbruket i stor grad er sjølvforsynt med fôr. Venteleg treng mange økologiske gardar på sikt å tilføre jorda fosfor eller kalium. Vanlege jordanalysar er nyttige for øko-bønder. Medan P-AL-nivået endrar seg seint, søkk K-AL-verdiane raskt når K-balansen er negativ, til eit minimumsnivå som er knytt til jordtypen. Etter det går K-AL-verdiane sakte ned.

Syreløseleg kalium ($K-HNO_3$) er eit godt mål for tyngre tilgjengeleg kalium. Sidan kalium ikkje er organisk bunden i jorda, gjev K-AL og $K-HNO_3$ saman med minimumsnivået for K-AL truleg eit godt mål for jorda sitt kaliumbidrag ved økologisk drift. Men AL-løysinga trekkjer ut mykje meir fosfor enn det som er tilgjengeleg for plantene, og både organisk og uorganisk fosfor medverkar til fosfor-forsyninga. Kan hende er det ein annan samanheng mellom P-AL-nivået og fosfor-forsyninga ved økologisk drift enn ved konvensjonell drift.

Når det gjeld kornsartane, granska vi særleg rotmorfologien. Vi fann tydelege forskjellar på rothårlengda mellom kornsartane, men veksemediet påverka rothårlengda meir enn kornsarten. Spesifikk rotlengde (mengde rot per gram rot-tørrestoff) varierte ikkje nemneverdig mellom sortane, men samanhengen mellom rotlengde og rotvekt var god.

Rotlengda kan difor enkelt reknast som ein funksjon av rotvekt, noko som kan gjere det mykje enklare å samanlikne kornsartar.

Målet for norsk kornfodring har vore å ta i bruk fleire rådgjerder for å auke kornavlingane, blant anna gjennom å gjere kornsartane meir motstandsdyktige mot soppsjukdommar, auke kornmengda i loa, gjere kornsartane meir vêrresistente i modningstida ved å styrkje stråa (kortare strå), auke spiretregheta i dei korna som modnast og minke dryss frå aksa.

Feltforsøka har synt at ein i stor grad har nådd desse måla. Nyare sortar gjev større kornavling enn eldre sortar, også når næringstilgangen er låg.

Oppdragsgjevar: **Norges forskingsråd 1998–2002**
Prosjektleiari: **Sissel Hansen**
Programansvarleg: **Planteforsk**

Doktorgradsarbeid

Doktorgradsarbeidet til Espen Govasmark er ein del av det strategiske instituttprogrammet «*Mineralinnhald i planter og mineralforsyning til drøvtyggjarar i økologisk landbruk*».

I 2002 har stipendiaten sluttført dei kjemiske og jordfysiske målingane frå dei innleiande granskningane. Samstundes har han gjennomført kurs i samband med doktorgraden, og han har byrja å arbeide på spesialområdet sitt om selen. Frå juli har stipendiaten arbeidd ved Agriculture and Agri-Food Research Centre, Charlottetown, Canada. Han arbeider no for å utvikle ein metode for å analysere låge konsentrasjonar av selen i plantemateriale.

Han har hausta avlingane frå eit eksperiment med kveite i potter, der han har gjødsla med selenat på ulike utviklingsstrinn og med to ulike nitrogengjødslingar. Han skal undersøkje avrenninga av selen frå pottene, samt seleninnhaldet i pottene. Han har også henta inn materiale for å undersøkje om organiske selenkjelder frå fiskeindustrien aukar seleninnhaldet i kveite, i tillegg til at han har samla inn moglege selenkjelder frå havet.

Oppdragsgjevar: **Norges forskningsråd 2000–2004**

Doktorgradstipendiat: **Espen Govasmark**

Næringsforsyning i økologiske dyrkingssystem med hovudvekt på studiar av fosfor og kalium i jord og planter

Stipendiat Anne-Kristin Løes har arbeidd med denne avhandlingen i det strategiske instituttprogrammet «*Næringsforsyning til økologiske dyrkingssystem med lite husdyrgjødsel*».

Avhandlinga blir levert i juli 2003.

Prosjekt

EU-prosjekt:

Blight MOP – tørrøte i økologisk landbruk

Blight MOP er eit breitt europeisk samarbeidsprosjekt om tørrøte i økologisk landbruk. Tretten institutt frå sju land er involverte i prosjektet, og frå norsk side er NORSØK og Planteforsk, Plantevernet med på tre prosjektområde:

- Kva er dei sosialøkonomiske aspekta ved tørrøte, og kva tiltak nyttar ein i dag mot tørrøte i økologisk produksjon
- Korleis potetsortar i ulike regionar «oppfører» seg i samspel med lokale populasjonar av tørrøtesoppen
- Integrering av enkelttiltak i eit optimalisert system basert på sortsresistens, diversifisering av produksjonssystem, og agronomiske og direkte tiltak mot soppen i eit produksjonssystem som gjer at tørrøtesopp vert minst muleg (start 2004)

I 2002 førte vi EU-prosjektet Blight MOP vidare. I første rekkje avslutta vi ei spørjeundersøking. Slik innsamling av informasjon gjer ein for å få oversikt over økologisk potetproduksjon i landa som deltek i prosjektet. Oversikta gjeld både agronomiske og sosialøkonomiske aspekt ved plantesjukdommen tørrøte. Arbeidet med dette temaet blir avslutta tidleg i 2003.

Det andre temaet som NORSØK og Planteforsk er involverte i, handlar om å samanlikne aktuelle norske potetsortar med to referansesortar (Bintje-mottakeleg og Santé-resistent): Her bruker ein både godkjende sortar (Beate, Troll, Grom, Peik) og nye nummersortar (N84-422, N89-1756, N92-15138). Arbeidet i 2002 viste for andre året at det er viktigare å fokusere på toleranse mot tørrøte enn å fokusere på resistens.

Oppdragsgjevar: **EU-kommisjonen**

Prosjektkoordinatør: **Prof. Carlo Leifert, University of Newcastle, UK**

Prosjektleiari for Noreg: **Theo Ruissen**

Prosjektmedarbeidarar: **Arne Hermansen, Therese B. Fossøy**

Prosjektittel:

Kva svovelforsyninga har å seie for biologisk nitrogenfiksering i økologisk kløvereng

Biologisk nitrogenfiksering i kløvereng er hovudkjelda for nitrogenforsyninga i norsk økologisk landbruk. Utanlandske undersøkingar har vist at mangel på svovel i jorda fører til mindre biologisk nitrogenfiksering. Det er lite svovel tilgjengeleg dei fleste stader i Noreg.

For å undersøkje om det er sannsynleg at det på grunn av lite tilgjengeleg svovel er mindre biologisk nitrogenfiksering på økologiske gardar i Noreg, vart det lagt ut feltforsøk på tre gardar med lågt innhald av svovel i engmaterialet. Jord frå ein av gardane vart brukt i eit pottforsøk med kløver i veksthus. Vi er ikkje ferdige med å analysere og rekne på resultatane, men mykje tyder på at svovel-gjødsling ikkje har påverka den biologiske nitrogenfikseringa i felt i stor grad sesongen 2002, medan svovelgjødsling i pottforsøk har ført til betre vekst, og til fleire og større rhizobiumknollar.





Prosjektet er eit samarbeid mellom NORSØK, Planteforsk Kvithamar og Universitetet i Tromsø.

Oppdragsgjevar: **Norges forskningsråd**

Prosjektleiår: **Sissel Hansen**

Prosjekttittel:

Risiko og risikohandtering i økologisk jordbruksproduksjon

Hausten 2002 starta eit samarbeidsprosjektet mellom Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Norges veterinærhøgskole og NORSØK. Prosjektet har som mål å auke kunnskapen om risiko og risikohandtering i økologisk jordbruksproduksjon, og i prosjektet blir økologiske gardar, gardar under omlegging til økologisk drift og konvensjonelle gardar undersøkte. Resultata frå prosjektet er nyttige både for rådgjevarar og gardbrukarar, og resultata kan gje informasjon til hjelp i avgjerder og tiltak både på politisk nivå og på forvaltningsnivå.

Ulike kjelder er gått gjennom for å finne agronomiske og økonomiske data som kan behandlast og analyserast statistisk og danne grunnlag for å lage gardsmodellar.

I samarbeid med økologiske og konvensjonelle bønder har vi utarbeidd ei spørjeundersøking som skal avdekkje kva gardbrukarane sjølve oppfattar som viktige risikofaktorar, og kva strategiar dei tek i bruk for å handtere risiko.

Oppdragsgjevar: **Norges forskningsråd 2002–2005**

Prosjektansvarleg i NORSØK: **Matthias Koesling**

Prosjekttittel:

Gjenteken dyrking av kløver som strategi for økonomisk lønsam økologisk korndyrking

Delprosjekt 2:

Kva verknad har gjenteken dyrking av kløver som undervekst i korn på mobiliseringa av fosfor og kalium i jorda?

I økologisk korndyrking kan belgvekstar brukt som undervekst samle nitrogen utan å redusere kornavlinga i dyrkingsåret nemneleg. Gjennom granskingar i programmet «Næringsforsyning til økologiske dyrkingssystem...» har vi fått gode mål for samla nitrogenmengde og kornavlingar. I potteforsøk ser vi nærare på korleis fosfor og kalium fungerer i slike system, medan Planteforsk har hovudansvaret for feltforsøk og granskingar av ugras. Kan undersådde vekstar på sikt gjere fosfor og kalium lettare tilgjengeleg for kornplantene? Vi granskar dette ved å måle næringsopptaket i havre som er dyrka i jord frå feltforsøka. I denne jorda dyrkar vi også raudkløver eller raigras i fleire omgangar og moldar plantene med mellom kvar vekstperiode. Til slutt måler vi næringsopptaket i havre.

Feltforsøka vart planlagde og etablerte i 2002. Ved NORSØK innreia vi eit klimarom med gode lysforhold, der temperatur og luftråme kan regulerast.

Oppdragsgjevar: **Norges forskningsråd 2002–2005**

Prosjektansvarleg: **NORSØK: Anne-Kristin Løes**

Prosjekttittel:

Økologisk dyrka frilandsgrønsaker:

Bakteriologisk kvalitet og risiko for overføring av patogene bakteriar

Målet for prosjektet er å auke kunnskapen om risikoen for å overføre patogene bakteriar i grønsaker som er dyrka økologisk på friland med tilførsel av husdyrgjødsel.

Sommaren 2002 vart det for andre gong dyrka issalat i eit feltforsøk på Tingvoll Gard. Vi gjødsla med kompost og blaut

og fast gjødsel frå storfe, medan vi gjødsla med kunstgjødsel på kontrollfeltet. Laboratorietesting viste dette året at blaut og fast fersk gjødsel frå gjødselkjellaren inneheldt *E.coli* O 157:H7. Bakterien vart òg funnen igjen i jordprøver som vi tok frå forsøksrutene ei veke etter gjødsling. Bakterien vart ikkje funnen igjen ved prøveuttak frå feltet seinare i sesongen. Dette kan tyde på at bakterien ikkje har overlevd i konkurranse med jordlivet og elles i miljøet.

Funnet av *E.coli* O 157:H7 førte til omfattande prøvetaking av gjødsel frå heile besetninga på Tingvoll Gard. Det viste seg at 24 av 72 prøver var positive. Landbruksdepartementet ved Dyrehelseilsynet valde etter dette å innføre strenge restriksjonar på gardsdrifta, og desse vart oppheva først i november då garden vart «friskmeld».

Ved oppformering og laboratorietesting er det ikkje påvist produksjon av giftstoff frå denne bakteriestammen ved Tingvoll Gard. Det har heller ikkje vore mogleg å forklare korleis bakteriesmitta har kome inn på garden. Ingenting tyder på at førekomsten av bakterien representerte ein helsefare verken for dyr eller menneske.

Veterinærinstituttet er prosjektansvarleg. NORSØK og Matforsk deltek som samarbeidspartnarar.

Oppdragsgjevar: **Norges forskningsråd 2001–2004**

Prosjektansvarleg i NORSØK: **Liv Solemdal**

Biologisk mangfald i økologisk landbruk

Eit prosjekt om mangfaldet av edderkoppar i økologisk driveng og økologisk drive beite ved Tingvoll Gard vart avslutta i 2002, og ein artikkel om prosjektet og resultata er publiserte i *Norwegian Journal of Entomology*. Ein artikkel om edderkoppar i ulike vegetasjonstypar er publisert i *Proceedings of 19th European Colloquium of Arachnology*. Føredraget «Edderkoppar – ein viktig del av det biologiske mangfaldet i jordbrukslandskapet» vart halde på Plantemøtet Østlandet 2002.

Oppdragsgjevar: **Eigenfinansiert, 1999–2003**

Prosjektleiår: **Reidun Pommersche**

Prosjekttittel:

Analyse og utvikling av økologiske driftssystem

Målet med prosjektet er å bruke metodar for å analysere driftssystem til å utvikle dei økologiske driftssystema. Ein skal også sjå på korleis viktige samfunnsinteresser er knytte til økologisk landbruk.

I 2002 vart det utarbeidd ei skisse til eit strategisk instituttprogram (SIP), der målet var å utvikle ein metodikk og eit modellverktøy for å analysere og betre dei økologiske driftssystema på gardsnivå. I prosjektet vart det arbeid vidare med kompetanseheving, med å betre oversikten over forskingsaktivitetar og forskingsresultat, og med å utvikle eit internasjonalt nettverk innanfor feltet systemanalyse. Som eit resultat av nettverksbygginga var NORSØK med på å fremje prosjektet «*European Organic Farming Intercropping Network*».

Arbeidet med å gjere planlegging av vekstskifte og gjødsling til ein viktig del av driftssystemet førte til at Landbrukets forsøksringar utforma ein søknad som vart send til partane i Jordbruksavtalen.

Finansiering: **Eigenfinansiert**

Prosjektleiår: **Matthias Koesling**

Prosjekttittel:

Organisk avfall som gjødselvere i økologisk landbruk – forprosjekt

Prosjektet vart avslutta i 2002 og var eit samarbeid mellom Jordforsk (prosjektansvar), Planteforsk og NORSØK. Ei spørjeundersøking viser at berre 25 prosent av komposten tilfredsstiller kravet som dei økologiske driftsreglane set for kor mykje tungmetall kompost kan innehalde. Dette gjeld kompost av resirkulert organisk avfall. I dag blir berre fire prosent av det komposterte, organiske avfallet nytta i økologisk landbruk. I undersøkinga kom det fram at mange økologiske gardbrukarar er interesserte i å bruke resirkulert organisk avfall – matavfall var mest interessant – dersom det er av god kvalitet. På spørsmål om kva krav gardbrukarane set til resirkulert organisk materiale, var det tydeleg at kvalitet var viktigare enn til dømes økonomi. Så mange som 24 prosent av dei som deltok i undersøkinga, sa dei var interesserte i å behandle avfallet på eigen gard eller i samarbeid med nabo- bruk.

Resultata frå prosjektet er oppsummerte i ein rapport som Jordforsk har gjeve ut: *Organisk avfall som gjødselvere i økologisk landbruk, Resultater fra spørreundersøkelser og identifisering av FoU-behov*, Jordforskrapport nr. 72–02 av Henrik Lystad, Trond Henriksen og Kirsty McKinnon.

Finansiering: **ORIO**

Prosjektansvarleg i NORSØK: **Kirsty McKinnon**

Prosjekttittel:

Økologisk geitehald i Møre og Romsdal

Økologisk geitehald i Møre og Romsdal er eit forprosjekt som skal undersøkje om det er mogleg å starte opp med økologisk produksjon av geitemjolk i Møre og Romsdal. Forprosjektfasen skal kartlegge dei agronomiske utfordringane ved økologisk geitehald. Utfordringane ved ei omlegging kan mellom anna vere den høge kraftfôrprosenten, smaksfeil på mjølka, husdyrrom og arealmangel.

I 2002 vart det halde informasjonsmøte for geiteprodusentar i aktuelle kommunar i Møre og Romsdal (Sunnmøre), og interessa for å produsere økologisk geitemjolk er kartlagd. Prosjektet skal samordnast med eit parallellt forprosjekt i Lofoten, der ein har lagt vekt på å vurdere lønsemda i produksjonen, samt tiltak i samband med lokal foredling og omsetning.

Forprosjekta skal sluttrapportere med tilrådingar for eit fleiråring nasjonalt-pilotprosjekt på økologisk geitehald, der målet er å starte opp i 2003. Arbeidet med å utforme eit slikt hovudprosjekt er i gang.

Oppdragsgjevar: **Fylkesmannen i Møre og Romsdal**

Prosjektleiar: **Lise Grøva**

Prosjekttittel:

Handbok om plantevern i økologisk landbruk

I samarbeid med NORSØK skal Planteforsk gje ut ein allsidig handbok i to delar om plantevern i økologisk landbruk. Den generelle delen tek for seg det grunnleggjande om plantevern og planteheile og korleis ein kan regulere skadegjerarar. Den andre delen tek for seg spesifikke problemstillingar innanfor plantevern og planteheile i dei viktigaste produksjonane. Handboka skal være ferdig i 2003.

Finansiering: **Jordbruksavtalemidlar via Planteforsk**

Prosjektleiar: **Lars Olav Brandsæter**

Prosjektmedarbeidar i NORSØK: **Theo Ruissen**

Prosjekttittel:

Dyrking av jordbær og bringebær under regntak

Dette er ein del av eit større prosjekt, der Stjørdal og omegn forsøksring har hovudansvaret og Planteforsk Kvithamar har prosjektleiar. Som ein del av prosjektet har NORSØK utført eit forsøk der ein gjødselvatna med storfeurin på jordbær. I Trøndelag er det i tillegg dyrka under regntak. Gjødselvatning med storfeurin har vist lovande resultat, det har fungert godt og har gjeve auka bærstorleik, men elles små utslag. Regntak reduserte åtaka av gråskimmel kraftig. Også bringebær under regntak har vist positive resultat. Oppdragsgjevar: **BU, Stjørdal og omegn forsøksring og Planteforsk Kvithamar**
Prosjektleiar for NORSØK: **Aksel Døving**

Prosjekttittel:

Storskalaforsøk med økologisk korndyrking

I 1998 vart det sett i gang eit landsdekkjande storskalaforsøk med økologisk korn. Målet var å kartlegge potensialet for å produsere økologisk korn, og å demonstrere korndyrking. I 2001 starta ein ny prosjektperiode. Hovudmålet med prosjektet er å auke produsentane sin kunnskap om økologisk korndyrking gjennom 1) storskalafelt med ulike tema, 2) demonstrasjonsgardar og 3) kunnskapsformidling.

Planteforsk har prosjektleiinga. NORSØK er fagleg ansvarleg for delprosjekt 2) og deltek aktivt i kunnskapsformidlinga gjennom markdagar, kurs og rettleiingsmateriell. 15 gardar er plukka ut til å vere demonstrasjonsgardar for økologisk korndyrking. På alle desse gardane er det samla inn data om agronomi og økonomi. Om åtte av gardane er det laga informasjonsmateriell som vart delt ut på markdagar i 2002. Det blir arbeid med å lage informasjon om dei andre gardane. Erfaringar frå markdagane viser at det er interesse for denne typen lesestoff.

Oppdragsgjevar: **Statens landbruksforvaltning, 1998–2004**

Prosjektansvarleg NORSØK: **Randi Berland**

Prosjekttittel:

Temaark om økologisk korndyrking

Bønder som ønskjer å produsere økologisk korn på gardar utan husdyr, står overfor uvante agronomiske utfordringar med omsyn til næringsforsyning, vekstskifte og plantevern. Samtidig finst det lite rettleiingsmateriell som er spesielt tilpassa denne målgruppa. I dette prosjektet skal det lagast 15 temaark.

I 2002 vart det utarbeidd temaark om jord, næringsforsyning generelt, gjødslingsmiddel, heilårs grøngjødsel og underkultur. Dette er tema som nyleg har vore omhandla i ulike forsøksprosjekt, og som det derfor finst ein del kunnskap om. Med temaarka kan ein spreie ny kunnskap raskt og effektivt. Temaarka er tilgjengelege via nettsidene til NORSØK og dei involverte forsøksringane, samt i papirutgaver som blir delte ut på markdagar, kurs og liknande arrangement. I prosjektet samarbeider NORSØK, Økokorn Oslo og Akershus, Buskerud forsøksring og Norges Vel.

Oppdragsgjevar: **Statens landbruksforvaltning, 2002–2003**

Prosjektleiar: **Randi Berland**





Prosjekttittel:

Utgreiing om konsekvensar om krav til sjølvforsyning av fôr i økologisk drift

I dette prosjektet skal det lagast ei utgreiing om konsekvensane av å innføre krav om at økologisk husdyrhald skal vere sjølvforsynt med fôr. Dette gjeld først og fremst kva konsekvensar det får for økologiske produsentar i dag, målt i dekningsbidrag og produserte produkt per eining. Utgreiinga skal også omfatte konsekvensane for potensielle økologiske produsentar. Med bakgrunn i statistikk skal det lagast ein modellgard for kvar husdyrproduksjon i aktuelle regionar. Utgreiinga skal omfatte mjølkeproduksjon, sjølvrekutterande kjøttproduksjon, sau, geit, svin og fjørfe.

Vidare skal prosjektet gje ei oversikt over korleis ulike nivå av sjølvforsyning endrar produktmengda totalt sett, og kor mange driftseiningar det kjem til å omfatte.

Det skal også lagast ei oversikt over korleis andre land i Europa gjennomfører krav om sjølvforsyning. Dette arbeidet, samt innsamling av data og utarbeiding av kalkylar, vart starta opp i 2002.

Oppdragsgjevar: **Statens landbrukstilsyn, 2002–2003**

Prosjektleiari: **Randi Berland**

Nasjonale oppgåver

Nasjonale oppgåver omfattar mange ulike tiltak, fordelte på hovudområda kunnskapsformidling og informasjon, kunnskapsutveksling, møtedeltaking og bibliotek, databasar og referansesamlingar.

Det har mellom anna vore arrangert kurs og konferansar, det er halde føredrag, fagartiklar har stått på trykk i ulike tidsskrift, medan kronikkar og debattinnlegg har vore trykte i aviser.

Fleire publikasjonar er utarbeidde, til dømes rapporten frå fagdagen til NORSØK, rapporten med oversikt over FoU-prosjekt i Noreg og ulike småskrift. Handboka og planleggingsprogrammet for data er oppdaterte, og det er gjeve skriftlege bidrag til handbøker og lærebøker. Å informere om økologisk landbruk omfattar både omsyningar og orienteringar på Tingvoll Gard, deltaking på Forskningsdagene og å svare spørsmål frå produsentar, rettleiarar, studentar, journalistar og andre.

NORSØK har utarbeidd utgreiingar til det offentlege og medverka med høyringar og fråsegner.

NORSØK er sekretariat for Forskningsutvalget for økologisk landbruk.

NORSØK har hatt kontaktmøte med andre organisasjonar, mellom andre Debio, Idébanken, OIKOS og Kgl. Selskap for Norges Vel.

Fleire medarbeidarar har delteke i undervisningsarbeid og har halde førelesingar, utarbeidd læremateriell og vore sensorar, mellom anna på NLH. NORSØK har aktivt kome med innspel til handlingsplanar for økologisk landbruk i fleire fylke.

Medarbeidarar har delteke på ulike kurs og møte i inn- og utland. NORSØK har vore representert i Markedsalliansen og Veiledningsalliansen.

NORSØK har vore vertskap for fire fredskorpsdeltakarar. Desse har arbeidd både teoretisk og praktisk med økologisk landbruk.

NORSØK er representert i ulike råd og utval, både nasjonalt og internasjonalt.

Biblioteket i NORSØK er i stadig utvikling, og dei tilsette har vore på kurs i FORSKDOK-registrering. Alle dei tilsette registrerer no arbeida sine i denne databasen.

Oppdragsgjevar: **Landbruksdepartementet**

Koordinator: **Grete Lene Serikstad**

Prosjekttittel:

Rettleiingsmateriell for økologisk bær dyrking

Småskriftet «Jordbær dyrking i økologisk landbruk» er under trykking. I tillegg blir det arbeidd med å lage fleire temaark om jordbær og eit småskrift om økologisk dyrking av solbær, rips og stikkelsbær. Prosjektleiari har delteke på to kurs i bær dyrking i samband med prosjektet.

Oppdragsgjevar: **Statens landbruksforvaltning (SLF)**

Prosjektleiari: **Aksel Døving**

Prosjekttittel:

Småskrift om potet dyrking i økologisk landbruk

Eit småskrift om potet dyrking er utarbeidd med utgangspunkt i teksten om potet dyrking i *Handbok for økologisk landbruk*. Forfatarane av teksten i handboka har vore referansepersonar for prosjektet. Målgruppa for småskriftet er produsentar, rådgjevarar, lærarar og studentar.

Småskriftet vart gjeve ut i januar 2003.

Oppdragsgjevar: **Statens Landbruksforvaltning**

Prosjektleiari: **Grete Lene Serikstad**

Prosjekttittel:

Førplanleggingsprogram for mjølkeproduksjon

NORSØK har utarbeidd eit førplanleggingsprogram for økologisk mjølkeproduksjon. Programmet er laga i Excel. Det gjer det mogleg å lage realistiske førplanar for mjølkekyr, kalvar, ungdyr og oksar. Programmet gjev oversikt over förlager, dyrestatus, förbehov til dyra, samt kor mykje energi, protein og tørrstoff dei har fått. Kor stor del ikkje-økologisk fôr dei får, blir rekna ut, og data blir overførte til skjema som Debio nyttar når dei kontrollerer økologisk produksjon. Programmet er i utgangspunktet laga for produksjonsrådgjevarar i TINE som treng å lage førplanar for økologiske mjølkeprodusentar.

Oppdragsgjevar: **TINE Midt-Norge**

Prosjektleiari: **Martha Ebbesvik**

Programtittel:

Kurshagen, eining for kurs og opplæring

Programmet er NORSØK sitt initiativ for å kunne formidle kunnskap om økologisk landbruk på ein målretta og effektiv måte. I samarbeid med Essens AS har vi utvikla ei eiga plattform, Nettkurs, for å gjennomføre kurs på Internett. I samarbeid med GAN forlag held vi på med eit nytt og fleksibelt verktøy for publisering kalla Agropub. Prototypen på dette verktøyet er klart og under utprøving. Hausten 2002 vart videokonferanseutstyret Tandberg 6000 kopla opp hos oss. Dette skal vi bruke til å formidle kunnskap frå NORSØK, korte ned reisetid og reisekostnader i samband med møteverksemd, i tillegg til at utstyret kan leigast ut til lokale interessentar.

Finansiering: **Eigne midlar, Regionalt utviklingsprogram for Tingvoll, Nesset og Sunndal, SLF, FMLA i Møre og Romsdal**

Programleiari: **Liv Birkeland**

Prosjekttittel:

Lærebøker til Teknisk Fagskole, GAN forlag

GAN forlag gjev ut lærebøker til Teknisk Fagskole, linje for naturbruk. I 2002 vart mellom anna desse lærebøkene utgjevne:

Føring og stell av storfe

Føring og stell av småfe

Føring og stell av svin

Føring og stell av fjørfe

Kvar av desse lærebøkene inneheld eit kapittel om økologisk hald av det respektive dyreslaget. NORSØK har levert manus til desse kapitla.

Oppdragsgjevar: **GAN forlag AS**

Ansvarleg: **Lise Grøva**

Prosjekttittel:

Omlagging til økologisk

Kurset «Omlagging til økologisk» er eit tiltak for å nå målet om ti prosent økologisk landbruksareal innan 2010. Her får gardbrukarar som ønskjer å leggje om drifta, kunnskap, fagleg støtte og eit nyttig nettverk. Ressursar til bruk på kurset er tilgjengelege via Internett. Deltakarane blir organiserte i geografiske grupper av 20–25 gardar. Vi har to samlingar i løpet av kurset, med faglege innlegg, diskusjonar og besøk på økologiske gardsbruk.

18 gardar frå Hordaland til Nord-Trøndelag har prøvd kurset, og tilbakemeldingane og erfaringane med opplegg og teknisk løysing er gode. NORSØK ser fram til ei meir aktiv marknadsføring og vidare bruk av kurstilbodet.

Finansiering: **Statens Landbruksforvaltning**

Prosjektleiari: **Liv Birkeland**

Prosjekttittel:

Utvikling av økologisk eggproduksjon i Noreg

NORSØK har i samarbeid med Fagsenteret for fjørfe, Norsk fjørfelag, Felleskjøpet førutvikling og Veterinærinstituttet utarbeidd prosjektet «Utvikling av økologisk eggproduksjon i Noreg». Prosjektet består av fem delmål:

Utvikle förblendingar og føringssystem for økologisk eggproduksjon basert på lokale og norske råvarer.

Undersøkje risikoen for sjukdom og for å innføre zoonotiske agens, samt greie ut om smittesaning i driftssystem med utegående høns.

Bidra til å utvikle dyremateriale som eignar seg til økologisk eggproduksjon i Noreg.

Samle og formidle kunnskap om, samt prøve ut ulike utforming og organisering av ute- og inneareal til høns der ein legg vekt på velferda og helsa til dyra.

Utforme informasjon og rettleingsmaterieill om økologisk eggproduksjon, samt formidle kunnskap gjennom kurs, møte og artikkelar.

Prosjektet har i 2002 fått del-finansiering frå Fagsenteret for fjørfe og blir endeleg behandla i Statens landbruksforvaltning i januar 2003 (pilotprosjektmidlar).

Oppdragsgjevar: **Fagsenteret for fjørfe og eigen-finansiering**

Prosjektleiari: **Lise Grøva**

Prosjekttittel:

Opplæring av gardbrukarar i økologisk mjølkeproduksjon i vedtekne klyngeområde

Målet for prosjektet er å auke talet på økologiske mjølkeprodusentar i dei vedtekne klyngeområda. Det skal gjerast ved å gje konvensjonelle bønder som ønskjer å leggje om til økologisk mjølkeproduksjon, kunnskap til å gjennomføre ei vellykka omlagging.

I 2002 vart småskriftet «Økologisk mjølkeproduksjon» revidert og trykt opp i 6000 eksemplar.

Det vart utarbeidd program og kursmaterieill for å halde kurs i økologisk mjølkeproduksjon. Kurset omhandlar jord- og plantekultur, førkvalitet, føring, mjølkekvalitet og økonomi. Det er halde tre kurs med til saman 45 deltakarar. Kursa vart

gjennomførte med føredragshaldarar frå TINE

Produsentrådgjeving, Landbrukets forsøksringer og NORSØK.

I prosjektet samarbeider NORSØK med TINE

Produsentrådgjeving.

Oppdragsgjevar: **Statens landbruksforvaltning 2002–2005**

Prosjektleiari: **Turid Strøm**

Prosjektansvarleg: **NORSØK**

Prosjekttittel:

For helse, glede, dagleg brød... Økologisk mat i sjukehus.

Etter ein forprosjektfase og ein søknadsfase vart prosjektet godkjend i oktober 2002. Hovudmål for prosjektet er å utvikle eit konsept for å bruke økologisk mat på sjukehus, og å tilby brukarar av St. Olavs Hospital HF i Trondheim økologisk mat som er av høg kvalitet, og som i så stor grad som råd er regionalt produsert. Tiltaka i prosjektet er retta mot opplæring i å bruke økologisk mat i kjøkkenet, næringsutvikling i regionen og formidling av kunnskap til andre sjukehus.

Den første fasen i prosjektet var prega av planlegging og nettverksbygging. Dei økologiske forsøksringane i regionen er engasjerte for å hjelpe til med å auke og tilpasse produksjonen av potet og hagebruksvekstar her. Det er vidare utarbeidd kursopplegg og kursmaterieill for eit todagars kurs i økologisk mat for kjøkkenpersonale.

Oppdragsgjevar: **Statens Landbruksforvaltning, Nasjonalt pilotprosjekt.**

NORSØK er prosjektansvarleg. Helsebygg Midt-Norge og

St. Olavs Hospital HF er samarbeidspartnarar.

Prosjektleiari: **Liv Solemdal**

Fredskorpsprogram for berekraftig utvikling

NORSØK samarbeider med åtte andre organisasjonar om eit fredskorpsprogram for berekraftig utvikling (Volunteers for Sustainable Development, VSD): ENVIROCARE, Tanzania, Desert Research Foundation of Namibia, ADROH i Honduras, Relief Society of Tigray i Etiopia, Centre for Human Development og Center for Human Development/Future in Our Hands på Sri Lanka, NORAGRIC og Utviklingsfondet i Noreg.

Programmet byggjer på utveksling frå nord til sør og frå sør til nord. NORSØK tek imot ein deltakar frå Tanzania og sender ein deltakar frå NORSØK til Tanzania i 2003. NORSØK har i kortare periodar i 2002 vore vertskap for deltakarar frå Tanzania, Sri Lanka, Honduras og Etiopia.

Fredskorpsprogrammet for berekraftig utvikling har fått godt skotsmål. Kvar år blir det gjennom Fredskorpset søkt om vidare finansiering.

I 2003 går NORSØK inn som fullverdig partnar i programmet. Gjennom samarbeidet i fredskorpsprogrammet for berekraftig utvikling blir økologisk landbruk i Noreg utfordra både faglege og på grunnideane.

Finansiering: **Fredskorpset**

Kontaktperson for programmet ved NORSØK: **Anita Land**

Prosjekttittel:

Rettferdig handel, handel av økologiske landbruksprodukt og småskalabonden i sør – ein studie

Som partnar i fredskorpsprogrammet *Volunteers for Sustainable Development* har vi samarbeidd med Noragric, Utviklingsfondet og fredskorpsarar frå Sri Lanka, Tanzania og Honduras om ein studie over rettferdig handel og handel av økologiske landbruksprodukt med omsyn til småskalabonden i sør.





